

AVGJERD I EØS-KOMITEEN
nr. 59/2020

2023/EØS/19/13

av 30. april 2020

**om endring av vedlegg II til EØS-avtala (Tekniske forskrifter,
standardar, prøving og sertifisering)**

EØS-KOMITEEN HAR –

med tilvising til avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, heretter kalla EØS-avtala, særleg artikkel 98,

og ut frå desse synsmåtene:

- 1) Kommisjonens gjennomføringsforordning (EU) 2019/533 av 28. mars 2019 om eit samordna fleirårig kontrollprogram i Unionen for 2020, 2021 og 2022 for å sikre at dei øvre grenseverdiane for restar av pesticid i og på næringsmiddel av vegetabilsk og animalsk opphav vert overhaldne, og for å vurdere eksponeringa av forbrukarane for desse restane⁽¹⁾ skal takast inn i EØS-avtala.
- 2) Gjennomføringsforordning (EU) 2019/533 opphevar med verknad frå 1. september 2020 Kommisjonens gjennomføringsavgjerd (EU) 2018/555⁽²⁾, som er teken inn i EØS-avtala og difor skal opphevast i EØS-avtala med verknad frå 1. september 2020.
- 3) Denne avgjerda gjeld føresegner om næringsmiddel. Føresegner om næringsmiddel skal ikkje gjelde for Liechtenstein så lenge avtala mellom Det europeiske fellesskapet og Det sveitsiske eidssambandet om handel med landbruksprodukt er utvida til å omfatte Liechtenstein, som nemnd i den innleiande delen til kapittel XII i vedlegg II til EØS-avtala. Denne avgjerda skal difor ikkje gjelde for Liechtenstein.
- 4) Vedlegg II til EØS-avtala bør difor endrast –

TEKE DENNE AVGJERDA:

Artikkel 1

I kapittel XII i vedlegg II til EØS-avtala vert det gjort følgjande endringar:

1. Etter nr. 170 (Kommisjonens gjennomføringsforordning (EU) 2020/466) vert følgjande lagt til:

”171. **32019 R 0533:** Kommisjonens gjennomføringsforordning (EU) 2019/533 av 28. mars 2019 om eit samordna fleirårig kontrollprogram i Unionen for 2020, 2021 og 2022 for å sikre at dei øvre grenseverdiane for restar av pesticid i og på næringsmiddel av vegetabilsk og animalsk opphav vert overhaldne, og for å vurdere eksponeringa av forbrukarane for desse restane (EUT L 88 av 29.3.2019, s. 28).

For føremåla med denne avtala skal føresegnene i forordninga lesast med følgjande tilpassing:

I tabellen i nr. 5) i vedlegg II vert følgjande lagt til:

IS	12	”
NO	12	

2. Teksta i nr. 150 (Kommisjonens gjennomføringsforordning (EU) 2018/555) utgår med verknad frå 1. september 2020.

⁽¹⁾ TEU L 88 av 29.3.2019, s. 28.

⁽²⁾ TEU L 92 av 10.4.2018, s. 6.

Artikkel 2

Teksta til gjennomføringsforordning (EU) 2019/533 på islandsk og norsk, som vil verte kunngjord i EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske unionen*, skal verte gyldig.

Artikkel 3

Denne avgjerda tek til å gjelde 1. mai 2020, på det vilkåret at alle meldingar etter artikkel 103 nr. 1 i EØS-avtala er sende inn(*).

Artikkel 4

Denne avgjerda skal kunngjerast i EØS-avdelinga av og EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske unionen*.

Utfjerda i Brussel 30. april 2020.

For EØS-komiteen

Clara Ganslandt

Formann

(*) Ingen forfatningsrettslege krav oppgjevne.